

Olav Morten Dagsland  
Færøya 7  
6913 Florø

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 23/14 - 23/3860

Saksbehandlar:  
Asbjørn Nagell Toft  
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:  
24.04.2023

## Pålegg om fjerning av båt ved kommunal kai på Baløyna på eigedom 165/56 - Austrheim kommune

### Administrativt vedtak. Saknr: 041/23

Vi syner til tidlegare e-postar og telefonsamtalar i saka.

### Vedtak

**Eigar/brukar av denne båten som ligg ved kommunal kai på Baløyna vert pålagt å fjerna denne frå eigedom gbnr. 165/56 i Austrheim kommune då den framover kan forsøpla/ureinsa miljøet. Frist for gjennomføring av tiltak vert sett til snarast og seinast 27. april 2023. Heimel for vedtaket er forurensningslovens § 37, første ledd.**

**Varsel om direkte gjennomføring: Dersom eigar ikkje fjerner båten innan fristen 27. april 2023 vil båten på eigar sin rekning verta fjerna av Austrheim kommune etter forurensningslovens § 74. Båten vil etter dette verta sendt til NGIR sitt avfallsanlegg i Kjevikdalen i Alver kommune eller anna eigna stad for destruksjon.**

### Saksutgreiing:


Du er eigar av ein båt på om lag 30 fot ved kommunal kai på Baløyna. Der er den utsatt for forlis no. Det er i strid med forureiningslova. Å leggja ein båt til på kaien her og gå i frå denne i så lang tid er difor ikkje i tråd med norsk lov. *Forurensningsloven fastsetter en generell plikt til å unngå forurensning, og forbyr også forsøpling, sjå § 7 og § 28.* Austrheim kommune viser til all tidlegare korpordanse i saka og telefonkontakt/SMS:



## Grunngjeving for vedtaket

Båten dykkar har no vorte definert som avfall (båtvrak) ut fra vurderingar av tilstanden på staden. Du har ikkje ansvarsforsikring på båten. Du har ikkje skilt på båten. Roret på båten er skadd med meir. Røde Kors slepte båten til Baløyna i Austrheim kommune frå øya Holmengrå i ein redningaksjon.

Du har fått stadig nye avtalar om nye fristar for å slepa den vekk, dette frå tilsette i Austrheim kommune, den første avtalte fristen for bortsleping var 5. april 2023. Du har fått nye fristar etter den tid. Du er fiskar på fiskebåten MS Fanøyvåg og er erfaren på sjøen og veit at ein slik båt ikkje kan liggja ved offentleg kai slik den gjer i dag. Austrheim kommune har ikkje ansvar for båten der den ligg i dag, men me har prøvt å halda straumen på plass til lenserpumpa i om lag 1 mnd no, men om den sviktar eller tekniske feil oppstår så går båten din ned, og det fort.



## Båten din ligg ved kai her (Baløyna) og der har den vore ein måned no

Ein båt som synk her vil forsøpla og forureinsa det marine miljøet, då materialar og eventuelle hydrokarboner (olje/diesel/gearolje med meir) frå båten vil kunne spreia i havet. Eit båtvrak vil innehalda plast med miljøgifter som PCB, vera innsatt med impregnering, bunnstoff med meir, og vil ha elektronikk ombord. Eit slikt vrak gir eit betydeleg forsøplingsbidrag til det marine miljøet, og sannsynlegheit for at båten sprer forurensning vil auka jo lengre båten ligg i sjøen.

Forsøplinga utgjer eit brudd på første ledd i § 28, forbod mot forsøpling i forurensningsloven:

*Ingen må tømme, etterlate, oppbevare eller transportere avfall slik at det kan virke skjæmmende eller være til skade eller ulempe for miljøet (...).*

Austrheim kommune vil difor pålegga fjerning etter forurensningslovens § 37, første ledd:

Kommunen kan gi pålegg om at den som har etterlatt, tømt eller oppbevart avfall i strid med § 28, skal fjerne det, rydde opp innan en viss frist, eller at han skal dekke rimelige utgifter som noen har hatt til fjerning eller opprydding (...).

Tilhøvet vil difor også utgjera eit brudd på § 7 i nevnte lov. Materialer og komponenter frå båten vil kunna forvittra/løysna og dermed forureina havet og fjordane våre. Me har vore i kontakt med anna offentleg mynde i denne saka og fått råd her for vidare framdrift i saka.

### **Direkte gjennomføring**

Båten sin tilstand er så dårleg at den og vil kunne forsøpla/forurensa miljøet på sjø der den ligg no. Fare for nedsynling. Den må leggast/slepast med lensepumpe til egna stad, der slike båtar høyrer heime, gjerne på land for tryggleiken sin skyld.

Med heimel i § 74 i forurensningsloven vert det varsla at båten dykkar vil verta fjerna direkte av Austrheim kommune dersom båten ikkje vert fjerna av dykk på rette måte innan fristen 27. april 2023. I så fall vert dette utført etter planen av Austrheim kommune i løpet av april. 2023.

§ 74. (umiddelbar gjennomføring ved forurensningsmyndigheten)

*Har forurensningsmyndigheten gitt pålegg i medhold av § 7 fjerde ledd eller § 37 første eller annet ledd som ikke etterkommes av den ansvarlige, kan forurensningsmyndigheten sørge for iverksetting av tiltakene. Forurensningsmyndigheten kan også sørge for iverksetting av tiltakene dersom slikt pålegg kan medføre at iverksettelsen av tiltakene forsinkes eller dersom det er uvisst hvem som er ansvarlig.*

#### **§ 1. (lovens formål)**

Denne lov har til formål å verne det ytre miljø mot forurensning og å redusere eksisterende forurensning, å redusere mengden av avfall og å fremme en bedre behandling av avfall.

Loven skal sikre en forsvarlig miljøkvalitet, slik at forurensninger og avfall ikke fører til helseskade, går ut over trivselen eller skader naturens evne til produksjon og selvfornyelse.

Med helsing

Asbjørn Nagell Toft  
avdelingsleiar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ingen signatur*

#### **Klage:**

*Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.*

**Kopi til:**

Atle Vaage

**Mottakere:**

Olav Morten Dagsland

Færøya 7

6913

Florø